Høring: 4-årig tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder

AGDER fylkeskommune

Innsendt: 25.09.2026 10:52
Referanse-ID: 8HF-N7G
Skjema-ID: AFK-224

Avsender høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Gunn Marith
Etternavn	Homme
Hvem svaret du for?	◉ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	VALLE KOMMUNE
Organisasjonsnummer	964966575
Gatenavn og - nummer	Postboks 4
Postnummer	4746
Poststed	VALLE

Svar på høring

Tilbudsstruktur og dimensjonering

Hvordan vurderer dere den vedtatte dimensjoneringen opp mot dagens og framtidige kompetansebehov?

Valle kommune vurderer den føreslåtte dimensjoneringa som for passiv for Indre Agder. Regionen får ein vekst på 7,8 prosent fram mot 2030 og ein endå sterkare vekst i dei første åra av perioden. Det bør dokumenterast at kapasiteten ved Setesdal vidaregåande skule, særleg på Hornnes, er tilstrekkeleg i åra med størst elevtal. Det er viktig at elevar frå Setesdal får plass ved den lokale vidaregåande skulen dersom dei ønskjer det. Dimensjoneringa må byggje på kompetansebehova i både offentleg og privat sektor. Oppvekst og helse er store kommunale arbeidsområde og spesielt kompetanse innanfor helse vil vere svært relevant i fremtida, i tillegg til meir spesialiserte administrative

oppgåver. Som kraftkommunar har regionen behov for kompetanse innan energi, elektro, ingeniørfag, teknisk drift og vedlikehald. Det vil også vere varig behov for handverkarar og fagfolk, mellom anna knytt til vedlikehald av bygg og veg, sjølv om aktiviteten i bygg- og anleggsmarknaden kan variere over tid.
Landbruket er ein viktig basisproduksjon, medan reiselivet er ei sentral næring som i dag hentar mykje arbeidskraft utanfrå regionen. Det er òg potensial for høgare kompetanse innan sal og tenesteyting. Tilbodsstrukturen bør derfor støtte rekruttering til reiseliv, sal og service og samtidig stimulere til entreprenørskap, etablering og forretningsutvikling i regionen.

Er det utdanningstilbud som bør styrkes, reduseres eller etableres?

Valle kommune ber om styrking av eksisterande tilbod ved Setesdal vidaregåande skule. Tilboda på Hornnes, Hovden og Valle må styrkast og vidareutviklast. Små og spesialiserte tilbod, som gull- og sølvsmedfaga i Valle og idrettsprofilen på Hovden, har ein regional eller nasjonal funksjon og kan ikkje vurderast berre ut frå lokale ungdomstal. Bygg- og anleggsteknikk på Hornnes bør styrkjast med ei føreseieleg lokal vidareføring. Det er lite tenleg å tilby Vg1 lokalt dersom elevane må reise ut av regionen for eit naturleg Vg2-løp slik forslaget no ligg føre. Fylkeskommunen bør derfor etablere eller periodisere Vg2 tømrar og vurdere fleksible løysingar i samarbeid med lærebedrifter.
Helse- og oppvekstfag må dimensjonerast i samsvar med kommunane sitt rekrutteringsbehov. Tilboda i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget bør vere stabile, og samarbeidet om praksis og læreplassar i kommunane bør ha stort fokus. Også vidareføringa etter Vg1 teknologi- og industrifag bør vurderast mot arbeidslivet sine behov innan transport, mekaniske fag, industri, anlegg og tekniske tenester.
Valle kommune meiner at reiseliv bør få ein tydelegare plass i tilbodsstrukturen. Reiselivet er viktig for sysselsetjing og verdiskaping i Setesdal, men næringa er i stor grad avhengig av innhenta arbeidskraft. Fylkeskommunen bør vurdere eit lokalt tilbod innan sal, service og reiseliv, utforma i samarbeid med reiselivsverksemdene i regionen.
Som kraftregion bør Setesdal også ha betre tilgang til utdanningsløp innan elektro og tekniske fag. Fylkeskommunen bør vurdere korleis slike tilbod kan etablerast eller gjerast tilgjengelege gjennom

	fleksible løysingar, samarbeid mellom skular og tett kopling til kraftverksemder og andre lærebedrifter. Entreprenørskap og forretningsutvikling bør inngå på tvers av yrkesfaga og dei studieførebuande tilboda for å stimulere til nye tanka rog verksemder i regionen.
Hvordan vurderer dere den geografiske fordelingen av tilbudene i Agder?	Den geografiske fordelinga må sikre at ungdom i distrikta har eit reelt utdanningstilbod nærast mogleg der dei bur. I Setesdal kan bortfall av eitt tilbod føre til svært lang reiseveg. Sjølv om mange ungdomar må flytte uansett, er det viktig at det finst moglegheiter så nær heimen som råd, og at det er enkelt å kome seg heim med kollektivtransport. Konsekvensen er difor større enn når eit tilbod blir endra i ein byregion med fleire alternativ i nærleiken. Valle kommune ber om at geografi og reiseavstand uttrykkeleg blir rekna som spesielle forhold ved bruk av 64-prosentregelen. Tilbod bør vurderast over fleire år og opp mot regionen sitt samla behov, ikkje mekanisk ut frå eitt søkjarår. Målet om effektiv ressursbruk må vegast mot fullføring (eller risiko for fråfall), busetjing, rekruttering og likeverdige tenester i heile Agder. Dagens nærskulepoeng for Valle og Bykle er ei nødvendig geografisk utjamning. At elevane får nærskulepoeng i heile Agder, er ikkje til hinder for å utvikle Setesdal vidaregåande skule som eit attraktivt førsteval. Skulen må styrkjast gjennom kvalitet og relevante tilbod, ikkje gjennom å redusere ungdommane sin reelle valfridom.
Hvordan bør sluttkompetansene i modulstrukturert opplæring for voksne dimensjoneres?	Sluttkompetansane i modulstrukturert opplæring må dimensjonerast etter behova i kommunane og arbeidslivet. For Setesdal er det særleg behov for desentraliserte og arbeidsplassnære løysingar innan helsearbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget, elektro og tekniske fag, bygg- og industrifag, transport og logistikk og fag knytte til reiseliv, sal og service. At tilboda administrativt blir organiserte gjennom kompetanseskular utanfor regionen, må ikkje innebere at vaksne må reise langt for å delta. Fylkeskommunen bør etablere fleksible løysingar i Setesdal i samarbeid med kommunane, NAV, lærebedrifter og lokalt næringsliv. Tilboda bør kunne setjast i gang når eit dokumentert regionalt behov ligg føre, også når deltakargruppene er små.
Hvordan vurderer dere den foreslåtte tilbudsstrukturen	Forslaget gir stabilitet, men møter i avgrensa grad veksten og kompetansebehova i Indre Agder. For å

samlet sett i lys av målet om at flere elever og voksne fullfører videregående opplæring?

styrkje fullføringa må elevane kunne starte og så langt som mogleg fullføre samanhengande utdanningsløp i regionen. Brot mellom Vg1 og Vg2, lang reiseveg og tidleg bortebuing kan auke risikoen for feilval og avbrot.
Valle kommune meiner tilbodsstrukturen må vurderast ut frå meir enn økonomi og oppfyllingsgrad. Elevmedverknad, barnet sitt beste, reisebelastning, tilgang til læreplassar, tilknyting til lokalt arbeidsliv og moglegheita for å bu heime må inngå i den samla vurderinga. Fylkeskommunen bør synleggjere desse konsekvensane før endeleg vedtak.

Valle kommune vil ellers peike på følgjande:

- Valle kommune legg til grunn at elevar busette i Valle og Bykle framleis skal få nærskulepoeng ved søknad til alle offentlege vidaregåande skular i Agder. Dette er eit grunnleggjande premiss for kommunen si vurdering av skule- og tilbodsstrukturen.

- Valle kommune ber Agder fylkeskommune sikre at kapasiteten ved Setesdal vidaregåande skule møter elevveksten i Indre Agder, og at skulestadene på Hornnes, Hovden og Valle blir vidareførte og utvikla.

- Valle kommune ber om at tilbodsstrukturen blir dimensjonert etter kompetansebehova i offentleg sektor, kraft- og energinæringane, teknisk drift og vedlikehald, handverksfag og reiseliv. Helse- og oppvekstfag må styrkjast, og det må vurderast relevante og samanhengande tilbod innan elektro, bygg og anlegg, sal, service og reiseliv.

- Geografi, reiseavstand og omsynet til fullføring må reknast som spesielle forhold ved vurdering av små tilbod. Terskelen på 64 prosent må ikkje praktiserast mekanisk for distriktsskular.

- Valle kommune ber om desentraliserte og arbeidsplassnære opplæringstilbod for vaksne i Setesdal

- Valle kommune bør be om etablering av Vg1 handverk, design og produktutvikling ved avdeling Valle. Det vil gi eit samanhengande løp til Vg2 gull- og sølvsmedhandverk og Vg3 gullsmedfaget. Det spesialiserte fagmiljøet bør vurderast ut frå fleire

kriterium enn lokalt elevgrunnlag. Tilbodet vil styrkje rekruttering, handverkskompetanse og kulturarv og følgje opp samarbeids- og utviklingsavtalen mellom kommunen og fylkeskommunen om vidareutvikling av avdeling Valle.

- Valle kommune bør stø ei utgreiing av dronefag med Hornnes som mogleg regionalt kompetanseknutepunkt. Utgreiinga bør byggje på forprosjektet i Evje og Hornnes og omfatte heile løpet frå Vg1 elektro og datateknologi via Vg2 dronefag til Vg3 droneoperatørfaget i bedrift, inkludert elevgrunnlag og læreplassar. Kompetansen er relevant for mellom anna landbruk, energi, bygg og anlegg, naturforvaltning, beredskap og samfunnstryggleik.